

# Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 10.06.2008

---

**Sak nr.:** 07/4563-31  
**Internt l.nr.** 12711/08

**Sak:** 14/08

**Tittel:** Retningsliner for omstillingsstatus - endring

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

- 1 Retningslinene for omstillingsarbeidet vert endra slik at fylkeskommunen opererer med ein omstillingskategori: omstillingsstatus.
- 2 Det vert fastsett slike:

## 1 Innleiing og overordna prinsipp

Løyvinga til omstilling er eit ekstraordinært verkemiddel som kan nyttast til tiltak i område (kommunar og regionar) som står andsynes særskilt store omstillingsoppgåver av di dei har eit sviktande næringsgrunnlag.

Fylkeskommunen avgjer kva for område som skal få omstillingsstatus og omstillingsstønad. Omstillingsstønaden sitt omfang, organisering, fordeling av roller og ansvar m.m. blir avklart gjennom ein partnarskapsavtale mellom omstillingsområdet, fylkeskommunen, Innovasjon Norge og eventuelle andre sentrale aktørar.

Første fase i omstillingsarbeidet er gjennomføring av analysar, utgreiingar, forstudiar og forprosjekt (inntil 1 år). Kommunen/området kan få tilskot til dette arbeidet.

Eit område kan få omstillingsstatus i opp til seks år (3x2 år). I tillegg kjem tid til til å utarbeide analysegrunnlag og strategiske handlingsplanar.

Basert på analyser, strategisk plan og handlingsplanar skal omstillingsarbeidet vere ein ekstraordinær offensiv satsing på næringsutvikling. Omstillingsarbeidet kan omfatte både bedriftsretta innsats og tilrettelegging for næringsutvikling. Den kommunale verksemda må trekkast aktivt med i omstillingsarbeidet. Område som blir tildelt omstillingsmidlar bør arbeide for å forbetre eigen forvaltning og serviceproduksjon overfor næringslivet.

Fylkeskommunen kan avslutte den ekstraordinære omstillingssinnsatsen ved slutten av kvar toårsperiode om kvalitet, framdrift og resultat av arbeidet ikkje utviklar seg tilfredsstillande. Innsatsen kan og avsluttast om utviklinga er så positiv at vidare ekstraordinær innsats ikkje er naudsynt. Etter to toårs-periodar (4 år) kan omstillingssstatus unntaksvise gjevast for berre eitt år.

Omstillingssområdet har sjølv hovudansvaret for å gjennomføre omstillingssarbeidet. Innovasjon Norge har ansvar for å kvalitetssikre framdrift og resultat. Innovasjon Norge si rolle og ansvar i oppfølginga blir avtalt i kvart einskilt tilfelle. Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for å avdekkje omstillingsutfordringar knytt til vesentlege endringar i næringsstrukturen.

Omstillingssarbeidet skal gjennomførast som eit partnarskap mellom lokale, regionale og sentrale aktørar. Der det tener føremålet vil det bli sett krav om at omstillingsutfordringane blir løyst gjennom regionalt forpliktande samarbeid. Det vil her vere snakk om funksjonelle regionar med felles arbeids-, bu- og servicemarknad.

## 2. Mål

Målet med omstillingsløyvinga er å styrke næringsgrunnlaget. Det skal etablerast lønsame arbeidsplassar, og verdiskapinga skal aukast ved at området får ein meir robust og breiare næringsstruktur, slik at området kan gje høveleg sysselsetting for både kvinner og menn. Omstillingsløyvinga skal medverke til å styrke utviklingsevna i området i løpet av omstillingiperioden gjennom

- auka profesionalisering og effektivisering av næringsutviklingsarbeidet
- betre samhandling mellom sentrale aktørar i området
- større evne til strategisk arbeid, prioritert innsats og gjennomføringsevne
- styrkt kompetanse når det gjeld prosjektutvikling og styring
- auka leiingskapasitet i området
- klårgjering av roller og ansvar (politikk og administrasjon)

Dei sidene ved den kommunale verksemda som er viktig for næringsverksemdu og rammevilkåra for næringslivet bør bli gjennomgått med sikte på forbetringar. Omstillingssarbeidet må få god lokal forankring og samstundes bygge nyttige nettverk og relasjoner ut av området.

## 3. Stønadsområde

Desse områda er aktuelle for omstillingstønad:

Område som har hatt eller har utsikter til store tap av arbeidsplassar i næringar som er avgjerande for den økonomiske utviklinga i området. Aktuelle er og område med særskilde og langsiktige problem i samband med omstrukturering i næringslivet. I ei totalvurdering av situasjonen i området kan det leggjast vekt på demografisk utvikling, reduksjon i den indirekte sysselsettinga, arbeidsløyse og situasjonen i heile arbeidsmarknadsregionen. Det blir teke omsyn til utviklinga dei siste tre åra og til pårekna nedgang i sysselsetting framover.

## 4. Fasar i omstillingssarbeidet

Omstillingssprosessen vert delt i fasar med rapporterings- og avgjerdspunkt for kvar fase. Normalt er omstillingssarbeidet i området inndelt i tre hovudfasar:

- Avklaringsfase
- Strategi- og forankringsfase (forprosjekt)

- Gjennomføringsfase (hovudprosjekt)

Målsettinga med **avklaringsfasen** er å dokumentere den aktuelle eller pårekna situasjonen når det gjeld næring og sysselsetting i området, og avklare om området fyller krava til omstillingssstatus eller om det er aktuelt for anna form for utviklingsprosjekt.

Målsettinga med **strategi – og forankringsfasen** er å lage eitt omstillingssprogram som består av ein langsiktig strategisk plan og ein handlingsplan som blir rullert årleg. Arbeidet bør bygge på ei brei og aktiv deltaking frå næringslivet, medrekna hjørnestensbedrifta.

Den langsiktige strategiske delen bør omfatte analyser, visjon/ mål, innsatsområde og organisering av omstillingasarbeidet.

Handlingsplanen bør omfatte konkretisering av innsatsområda til strategiar med reelle vegval og konsentrert innsats, delmål/ arbeidsmål for kvar strategi, prosjektskisser, ansvar og roller i gjennomføringa og rammebudsjett for kvar strategi.

Fylkeskommunen skal medverke i arbeidet for å sikre naudsynt samordning med mål og strategiar i fylkesplanen. Innovasjon Norge har etter avtale med fylkeskommunen ansvar for kvalitetssikring, rådgjeving og oppfølging overfor omstillingssområda.

Målsettinga med **gjennomføringsfasen** (inntil 6 år) er å sette i verk årlege handlingsplanar med sikte på å nå måla for omstillingasarbeidet. Søknad om omstillingsmidlar til gjennomføring av handlingsplanen skal sendast Sogn og Fjordane Fylkeskommune med kopi til Innovasjon Norge. Innovasjon Norge skal gje uttale til fylkeskommunen. Tilsegn blir gjeve for eitt år om gongen. Fylkeskommunen kan avslutte den ekstraordinære omstillingsinnsatsen ved slutten av kvar toårsperiode. Innovasjon Norge har ansvar for rådgjeving og kvalitetssikring også i gjennomføringsfasen. I gjennomføringsfasen kan fylkeskommunen etter søknad dekke inntil 75 prosent av dei eksterne kostnadene til arbeidet. Det er eitt krav at det offentlege på lokalt nivå deltek økonomisk i omstillingssprogrammet. Normalt skal den lokale eigendelen utgjere minst 25 prosent. Eigeninnsatsen tel ikkje som eigendel. Midlar frå næringslivet kjem i tillegg.

Handlingsplanen skal innehalde konkrete tiltak og prosjekt. Vi rår til at Innovasjon Norge sin Prosjektleiingsprosess (PLP) blir nytta i arbeidet. Omstillingsorganisasjonen må aktivt stimulere til prosjektutvikling. Prosjekta skal forankrast i omstillingssprogrammet sine overordna mål og strategiar. Omstillingssområdet disponerer sjølv omstillingsmidlane.

Det skal etablerast ein omstillingsorganisasjonen med eit eige styre samansett av sentrale aktørar i området og med lokal/ regional politisk forankring. Innovasjon Norge og fylkeskommunen skal ha observatørstatus i styret. I styret skal det sitte eitt representativt utval av næringslivet frå kommunen/ regionen. Begge kjønn skal vere representert. Prosedyrar for utveljing og oppnemning bør gå fram av den strategiske planen. For å sikre ein samordna innsats skal kommunar som får tildelt kommunale næringsfond la omstillingsorganisasjonen disponere desse.

## 5. Disponering av tilsegna

Tilsegna om omstillingsmidlar går til den politiske institusjonen som har fremma søknaden. Om midlane blir forvalta av ein kommune, er det kommuneloven som avgjer korleis disponeringa av midlane skal organiserast. Kommunestyret kan overlate disponeringa av midlane til andre organ i kommunen eller til eit privat organ. Eit privat organ må følgje forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming.

Når det skal gjevest bedriftsretta stønad må det leggjast vekt på at tiltaka ikkje fører til konkurransevriding. For stønad over kroner 800 000 skal styret innhente uttale frå Innovasjon Norge før endeleg vedtak. Stønad til bedrifter må vere i samsvar med gjeldande forskrifter for

dei bedriftsretta verkemidla som blir forvalta av Innovasjon Norge og EØS- avtalen sitt regelverk om offentleg stønad.

## **6. Rapportering og evaluering**

Kvart år skal det bli utarbeidd ein rapport til fylkeskommunen med oversikt over framdrift og resultat i omstillingssarbeidet. Det skal rapporterast i høve til overordna målsetting for omstillingsløyvinga, på variablar som sysselsetjing, verdiskaping og næringsstruktur. I tillegg skal det rapporterast på kvar strategi. Dette føreset målbare resultatmål. I samråd med fylkeskommunen skal det gjennomførast undervegs- og sluttevalueringar av omstillingssarbeidet.